

Aukande tømmerkvantum på Børnes

16.04.2010



I det siste har lageret av tømmer på Børneskaia auka sterkt i omfang.
Det skuldast konsentrerte drifter i dei siste månadane i nærområdet, som i Herøysund og på Halsnøy,
opplyser Øyvind Jacobsen i Vestskog til uskedalen.no

Han strekar riktignok under at det ikkje har vore noko 'historisk stor hogst' i det siste i vårt område.

Men det er ingen tvil om at det generelt er lettare å få skogeigarane til å hogga no. Det har ein klår samanheng med gunstig tømmerpris i den seinare tid.

Det øverste biletet er av tømmerlageret akkurat no, medan lasting av tømmer går føre seg for nokre dagar sidan på det nederste biletet.

(Foto: Ola Matti Mathisen)

